Det blei etter kvart mange paraplyar og våte jakker utover kvelden. FOTO: VEBJØRN S. BJØRKÅS

Kjempa mot regnet

Vamp hadde ikkje vêrgudane på si side då dei var tilbake på utescenen på Stord for første gong på fem år. Bandet lét seg likevel ikkje affisere, og laga ein flott konsert for dei 575 frammøtte på kaien.

VEBJØRN S. BJØRKÅS

I det frontfigur Øyvind Staveland laga dei første tonane på fela si på Stord denne fredagen, starta regnvêret på Leirvik. Det var akkurat som om det var ein del av opningsnummeret, då Vamp var tilbake igjen på utescenen på Osvald Pub.

Med ei splitter ny besetning bestående av Øyvind Staveland, Odin Staveland, Bjørn Berge, Kjetil Dalland og Jan Toft, starta Vamp årets sommarturnè utanfor Osvald fredag kveld.

Fleire av dei frammøtte gleda seg til å høyra vokalist Jan Toft, som for første gong sidan slutten av 1990-talet var tilbake i bandet.

For mange er det nettopp han som er «Vamp-stemma», og det var lett å sjå på Toft at han var glad for å vera tilbake med Vamp på «gamle trakter» denne fredagskvelden.

Blei allsong til slutt

Både publikum og bandet brukte litt tid på å komma skikkeleg i gong. Kanskje var det vêrsjokket som gjorde at allsongen lét venta på seg.

– Sjølv om ikkje sommaren er her heilt enno, har me det kjekt likevel, sa Staveland til alle dei som valte å ikkje trekka inn då høljeregnet starta for fullt etter to-tre låtar frå Vamps kommande album, Elmer.

Men då bandet drog i gong fleire av dei mest kjende låtane gjennom si 23-årige karriere, vakna også stordabuen utav, og song med så godt dei kunne.

Då dei varta opp med songen «Nok ein sang om havet», og etter kvart hiten «Månemannen», var det som om også regnvêret tok ein kort pause for å vera med på festen. Responsen frå publikum var bra, og dei som framleis stod føre scenekanten skapa vakker allsong på Vamp sin kanskje mest kjende låt gjennom alle desse åra.

– Dette som er sommar

Etter å avslutta det heile med «Liten Fuggel», der son til Øyvind, Odin Staveland, syng, var stordabuen i skikkeleg feststemning, og prøvde å lokka bandet tilbake på scenen for eit siste nummer. Men etter knappe 1,5 times speling i regnet på Leirvik kai, var det slutt.

Toft seier til Sunnhordland at bandet var godt nøgd med konserten, og synest sjølv det var herleg å vera tilbake på scenen med Vamp.

– Detta hadde eg lengta lenge etter å gjera, seier han.

Om vêret hadde han følgjande å seia:

– Det er dette som er sommar her, er det ikkje?

KONSERT
Stad: Osvald Pub, Leirvik hamn, fredag
Medverkande: Øyvind Staveland, Odin Staveland, Kjetil Dalland, Bjørn Berge, Jan Toft
Lengd: 1,5 time
Publikum: 575

PÅ KONSERT

1. Kva synest de om konserten?
2. Har du ein Vamp-favorittlåt?

Beate Gjermstad (t.v.) og Gro Fagerbakke Tesdal, Stord
1. – Veldig bra. Det einaste å utsetja på er at det kunne vore litt fleire songar. Det tar litt tid å bli varm i trøya, seier Fagerbakke Tesdal.
2. – Songen «Fuglane vett» er min favoritt. Den spelte dei diverre ikkje i dag, men eg er godt nøgd med konserten likevel, seier Gjermstad.

Anne Marie Nyhammer og Arve Nyhammer, Stord
1. – Kjempebra konsert, seier Arve Nyhammer.
1. – Me la ikkje merke til regnet. Temperaturen var bra, så det gjekk heilt fint, seier Anne Marie.
2. – Det går ikkje an å komma utanom Tir N'a Noir. Den er heilt fantastisk, seier Anne Marie.

Per Egil Mortensen og Inger Marianne Onarheim, Stord
1. Veldig bra. Dei er mykje betre live enn på plata, seier Mortensen.
1. Eg synest dei betre er på plata eg då, men konserten i dag var flott, seier Onarheim
2. – Eg har ingen favorittlåt. Eg likar dei alle saman, og er svært glad for at Bjørn Berge er blitt med i Vamp, seier Onarheim.